

## **Høyringsuttale til Interkommunal plan sjøareal frå Flatøy Bygdelag**

### **Kort introduksjon**

Flatøy Bygdelag har sett over planprogrammet for *Interkommunal plan for sjøareal*, og har primært merknader til sjøareaala rundt Flatøy, med hovudvekt på Flatøyosen.

Flatøy Bygdelag er positiv til at dette er ein samla plan, som mellom anna omhandlar «Osterfjordbassenget» i ein heilskap. I utkastet som no er lagt på høyring er det god fokus på arealplanlegging på overflata. Me saknar ei like god fokus, og kunnskap om, vassmiljø i planområdet og korleis dette er i utvikling. For stader med därleg vassmiljø, som Flatøyosen (mellom Gudmundsholmen og Håøy), kan vi ikkje sjå at det er planer om tiltak for å forbetra vassmiljø.

Bygdelaget ynskjer å bidra til at kunnskapsgrunnlaget i planen vert best mogeleg, og har difor gitt ein del innspel om dette.

### **Litt informasjon om Flatøyosen**

Flatøyosen er registrert som svært viktig friluftsområde av typen strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag. Registreringa er utført av Meland kommune i 2016, og området er beskrive som eit svært populært område for sjøsport, særleg for kajakkpadlarar. Nordhordland Padleklubb nyttar området mykje. Området er godt skjerma forvêr og vind, og dermed velegna for sjøsport og friluftsliv på sjø.

Flatøyosen er det einaste sjøområde, i tettaste befolka deler av Alver, som er godt skjerma for vêr og vind. Den er mykje brukt til mellom anna kajakk, fritidsfiske, fridykking, småbåt-trafikk, med sine lune hamner i kvar vik. Med omsyn til vassmiljø, landskap og tal på båtplasser er Flatøyosen allereie hardt belasta.

På Flatøyosen er det i dag om lag 500 båtplassar, der dei fleste (rundt 400) er i marina på Littlebergen. Flatøyosen er i tillegg ein svært populær utfarts plass for fritidsbåtfolket frå nær og fjern, spesielt grunna god hamn og friluftsområde på Håøy. Området vert og nyttar mykje av padlarar då Flatøyosen har ein relativt urørt indre del samt god beskyttelse mot vêr og vind. Nordhordland Padleklubb (NHP) har om lag 200 medlemmar og i tillegg er det andre padlarar som nyttar området.

Indre del av Flatøyosen er relativt urørt i dag, noko som og gjer det attraktivt å bruke den skjerma. Flatøyosen til marint friluftsliv.

Flatøyosen har vore brukt til fiske, meir tidlegare enn no, og det var mange kaste-/låse-plassar. Etter at vass og kloakk-leidningar er komne i begge Eidavikane er dei ikkje brukbar for lås-setting. Det bør vere låse-plassar, då det framleis vert fanga sild og makrel på osen. Kaste/Låse-plass på Skitnedalen er «forsvunne» i forbindelse med «Midtmarka-planen». Denne kan med fordel behaldast.

På Krossnesvika, der Nordhordalandbrua kjem i land, er det og låseplass. På same plass kjem all drenering frå E39 ut. Det er neppe god matsikkerheit å oppbevare mat på ein lokalitet der ein har et så konsentrert utslepp av miljøgifter. Her må ein informere Fiskarlaget om miljøtilstand på denne lokaliteten.

På søre del av Flatøyosen er gjeldande reguleringsplan avsett ein del område til Fiskeri, både på sjø og land. I planen er dette sjøområde merka BSV (Bruk og vern av Sjø og Vassdrag). Her meiner vi at gjeldande reguleringsplan framleis må være gjeldande for sjøområdet. Dette spesielt da einaste aktive fiskar i «gamle Meland» heldt til her.

Område sør for Håøy, som er merket VK i kartet, er gyteområde for kysttorsk. Det har dermed en «biologisk verdi», som må beskyttast.

I same område (VK) er djupvatnet som har dårlig vasskvalitet. Dette er på grunn av tersklar både i Håøysundet og i sunda utafor Framo. Søndre del av Osen, mellom Framo og Krossnes-sundet, har ingen tersklar, og heller ikkje dårlig vasskvalitet. I planområdet er Flatøyosen einaste området som har dårlig vasskvalitet, OG samtidig har gjennomstrøyming (alle dei andre områda med dårlig vasskvalitet er utan same gode gjennomstrøyming som Flatøyosen).

**Flatøy Bygdelag** vil at Flatøyosen, inklusive strandlinje, mest mogeleg vert spart for nye inngrep og avrenning. Vassmiljøet på Flatøyosen er dårlig, og ein må ikkje godkjenne tiltak som svekker miljøtilstanden. Våre innspel her er:

- Indre del må være unntatt for motordrivne fartøy, unnateke dei som har eigedom/næring her.
- Ingen marina eller bryggjeanlegg, på indre del av Flatøyosen (unntatt eksisterande og evt. «sjøsportsenter»)
- Fartsbegrensing for heile Flatøyosen, frå bru i Krossnes-sund til forbi lykt i Håøysund.
- Vurdere plassering av «Sjøsportsenter» i Eidavika
- Vurdere tiltak for å betre miljøtilstanden på Flatøyosen og tilgrensande fjordbasseng. Vi tenker primært på tiltak som kloakkreinsing, tømming av septik frå fritidsbåtar og redusert utslepp frå fiskeoppdrett.

*Vassføreskrifta har som miljømål at vassførekostane skal oppnå minst "god" økologisk og kjemisk tilstand innan 2021, dersom miljømålet ikkje kan nåast innan dette kan det settast ein fristutsetting for måloppnåing som enten er 2027 eller 2033.*

#### **Av konkrete innspel for betring av forholda på Flatøyosen (slik det er i dag) har vi følgjande:**

Fartsgrense frå Håøysundet til Krossneset vil gjere friluftsliv meir attraktivt på Flatøyosen og på Håøy. Her må Alver kommune fremje dette som sak i Bergen og Omland Hamnevesen

Betre hamneforhold i Håøy for fritidsbåtar vil bidra til å gjere osen meir attraktiv for båtfolket. Dei nye sjøleidningane i Eidavika gjer at ankring no er vanskeleg-gjort. Vi meiner kommunen bør gå i dialog med eigar av Friluftsområdet og finne eit godt avbøtande tiltak slik at det kan fortøyast i

Eidavika/Oldervika utan å koma i konflikt med nye sjøleidninga. Den pågående aktiviteten og planar om å sette friluftsområdet i Håøy i betre stand aukar behovet for god tilrettelegging for båtfolket.

Nye kablar og sjøleidningar er ikkje komen inn på sjøkart (so langt me kan sjå), og det er framleis merke i sjøkarta for ankringsplass tett på nye sjøleidningar. Større fartøy ankrar her relativt ofte, så dette må Alver kommune sørga for å få korrigert snarast.

Etablere/legge til rette for «Sjøsportsenter» for umotorisert sjøsport, og hensynsone for denne type aktivitetar på den indre del av Flatøyosen. Ved etablering i Eidavika kan dette «samkøyrast» med tiltak på friluftsområdet for fortøyning av fritidsbåtar.

Forslag til småbåthamner i indre del av Osen må fjernast. Det er i motstrid med det därlege vassmiljøet på denne del av Osen. Det er også lagt på eit område med mange grunner, og difor heilt ueigna til Småbåthamn. Dette er noko som heng att etter Vestland Eigedom AS sine planar for Midtmarka. Det er i dag grunneigarar som er eigar av desse planane. Bygdelaget har vore i kontakt med dei respektive grunneigarar, og dei er samde med Bygdelaget.

#### **Lokalisering av «Sjøsportsenter»:**

Det har versert diverse planar om Sjøsportsenter på Flatøyosen. Vår forståing for Sjøsport er her «Umotorisert sjøsport». I planane for Midtmarka var Sjøsportsenter lagt til Skitnedalen. Flatøy Bygdelag er positiv til planar for Sjøsportsenter, men argumenterer for ei alternativ plassering i Søre Eidevika, som vi meiner har betre potensial.

- Samkøyre med hamn for småbåtar
- Betra samhandling mellom motorbåt og umotorisert ferdsel.
- Felles brygge/bølgedempar (Fritidsbåt på utsida / sjøsport på innsida)
- Rehabilitering av gammal verkstad i Eidavika, og opprydding i området.
- Utnytta /rehabilitering av eksisterande kaianlegg
- Betre utskifting av vatn enn i Skitnedalsvika
- Reinare botn og vassforhold enn i Skitnedalsvika
- Mindre problem med islegging enn i Skitnedalsvika
- Sikra tilkomst fram til Håøy
- Tilkomst til både Flatøyosen og Kvernafjorden, for Sjøsport, frå same lokalitet
- Unngå område med forureining og område med «BLØTBUNN I TIDEVANNSONE»
- Unngå område med kulturminne (sjøbuer og skytebane)
- Legge Sjøsportsenter til eit område som også er eigna for fridykking og dykking (reinare botn, meir variert djupn, reinare vatn og meir marint liv)
- God samkøyring med landbasert friluftsliv på Håøy
- Kastepllass/Låseplass på begge Eidaviker er uansett øydelagt med vass og avløpsleidningar som er utlagt. Sjøleidningar blokkerer og for ankring/fortøyning for småbåtar, som har vore vanleg fortøyning fram til no.

Flatøy Bygdelag har gjeve planarbeidet høg prioritet. Det er ei arbeidsgruppe i bygdelaget sitt styre som arbeider med planspørsmål, og vi ynskjer at kommunen involverer gruppa så mykje som mogleg i dei aktuelle planane som gjeld Flatøy.

Arbeidsgruppa i Flatøy Bygdelag har desse medlemmene:

- Steinar Hansen, 90561206, [hansen20@online.no](mailto:hansen20@online.no)
- Roar Sudmann, 91175841, [rsudmann@online.no](mailto:rsudmann@online.no)
- Kurt Solberg, 90178794, [sjohuset@hotmail.com](mailto:sjohuset@hotmail.com)

Bygdelaget kan og kontaktast på e-post: [flatoypygdelag@outlook.com](mailto:flatoypygdelag@outlook.com)

Med venleg helsing  
Flatøy Bygdelag

Anne C. Johannessen  
Leiar